

Dato: 12.11.2018

Utsteder: Indre Sogn Sparebank

UtstederID: ISSG

Marked: OB

Kategori: Innsideinformasjon

Fusjonen av Indre Sogn Sparebank, Aurland Sparebank og Vik Sparebank vedteke i sparebankane sine styre.

Det vert synt til børsmelding publisert den 20. juni 2018 vedkomande muleg fusjon av sparebankane Indre Sogn Sparebank, Vik Sparebank og Aurland Sparebank (heretter kalla Bankane).

Styra i Bankane har i dag vedteke ein avtale om samanslåing av bankane (fusjonsplan). Fusjonen vil bli gjennomført ved at Bankane vert slegne saman i samsvar med finansføretakslova § 12-3 Jf. Allmennaksjelova § 13-3 (1).

Indre Sogn Sparebank skal vera den juridiske og rekneskapsovertakande sparebank og overtek soleis alle Vik Sparebank og Aurland Sparebank sine eigendelar, rettigheter og forpliktingar i samband med fusjonen.

Den fusjonerte banken vil forsetja under namnet Sogn Sparebank.

Det vil ikkje bli etablert stiftingar i samband med fusjonen. Grunnfondskapitalen Bankane går inn med vil bli øyremerkt og dannar grunnlag for lokale gåvetildelingar og eventuelle etablering av framtidige stiftingar i samband med fusjon eller avvikling.

Det er forventa at fusjonen vert juridisk gjennomført omkring den 1 april 2019, eller snarast etter det.

Nedanfor følgjer hovudpunkta i forventa tidsplan for fusjonen:

Tidspunkt	Hending
12 november 2018	Styra i Bankane vedtok framlegg til: Fusjonsplan, Styrrapport om samanslåing, utkast til opningsbalanse, og endring av vedtektene
18 desember 2018	Generalforsamlinga i Bankane der styret si tilråding blir handsama. Deretter vert søknad/melding sendt til relevante myndigheiter
ca. 1 april 2019	Fusjonen juridisk gjennomført

Føresetnader for gjennomføring av fusjonen

Gjennomføringa av fusjonen er avhengig av:

1. Generalforsamlingane i Indre Sogn Sparebank, Vik Sparebank og Aurland Sparebank treffer dei naudsynte vedtak.
2. Kontraktsparter som har betinga seg rett til å sei opp kontraktar eller har andre særskilde rettigheter som vert utløyst ved samanslåinga har gjeve samtykke på vilkår som er akseptable for bankane sine styre.
3. Kreditorvarselperioden på seks veker i samsvar med finansføretakslova § 12-5 (2), jf. allmennaksjeloven § 13-15 skal vera utløpt og forholdet til banken sine kreditorar skal ikkje vera til hinder for gjennomføringa.
4. Finanstilsynet gjev naudsynt godkjenning av denne avtale med vedlegg i samsvar med finansføretaksloven § 12-1, herunder godkjenning av vedtekter for den fusjonerte banken og heller ikkje stiller vilkår som vesentlig endrar dei føresetnader som bankane har lagt til grunn for i avtalen.

Bytetilhøvet

Bytetilhøvet er fastsett etter forhandlingar mellom partane og bygg på ein prosess for å vurdere eventuelle meir eller mindreverdier, basert på bankane sin balanse pr. 30.09.2018, og oppdaterte tal pr. 31.10.2018.

Bytetilhøvet er bygd på ei vurdering av bankane sin verdijusterte egenkapital, inntening og marknadspising, samt eit prinsipp om at egenkapitalen i dei tre bankane vil bidra forholdsmessig til framtida si verdiskaping i den samanslegne banken.

Den samanslegne sparebanken vil ha ein kapitalstruktur som ein sparebank med grunnfondskapital og egenkapitalbevis.

Samla bokført egenkapital etter vurderingane av meir og mindreverdier på morbanken i dei tre bankane pr. 31.oktober utgjorde MNOK 845,9 eksl. fondsobligasjonar. Fordelinga var slik (1000 kr):

Indre Sogn Sparebank	367521
Aurland Sparebank	285894
Vik Sparebank	192450
TOTALT	845865

Bankane er samde om eit bytetilhøve mellom bankane sine grunnfond slik (1000 kr)

Grunnfondskapital	I tusen kr.	%
ISSB	248150	34,16 %
Aurland	285894	39,35 %
Vik	192450	26,49 %
Total Gr. Kap	726494	100,00 %

Basert på semja om bytetilhøvet oppsummerer tabellen nedanfor opphavet til den samansette eigenkapitalen etter fusjonen ekskl. fondsobligasjonar (1000 kr)

Eigenkapital	I tusen kr.	%
Grunnfond	726513	85,89 %
Eigarkapital	119352	14,11 %
TOTALT	845865	100 %

Tabellen nedanfor syner fordelinga av eigenkapital og samfunnskapital etter samanslåinga inkl. fondsobligasjonar

Fordeling av eigenkapital	Eigarkapital		Samfunnskapital	Totalt
Eigenkapitalbevis	31.625			31.625
Utjevningsfond	41.725			41.725
Overkursfond	32.812			32.812
Spaebanken sitt fond			526.682	526.682
Gåvefond			30.480	30.480
Fond for urealiserte gevinstar	10.464		152.762	163.226
Fondsobligasjonar	40.000			40.000
SUM EIGENKAPITAL				866.550

Kort beskriving av Bankane:

Indre Sogn Sparebank

Indre Sogn Sparebank er ein sjølvstendig bank tilknytt Eika Alliansen.

Eika Alliansen samarbeidar om m.a. merkevarebygging, produktselskap, IT, innkjøp og kompetansebygging.

Indre Sogn Sparebank har hovudkontor på Årdalstangen, samt kontor i Bergen, Lærdal, Øvre Årdal og Sogndal. Indre Sogn Sparebank har pr. 31.10.2018 ein rådveldekapital på 4 milliardar kroner.

Banken har to dotterselskap, Indre Sogn Sparebank Eigedomsmekling og ISSB Eigedom, samt eit tilknytt selskap, ISSB forsikring. Pr. 31.10.18 hadde banken 30,2 årsverk.

Indre Sogn Sparebank sine eigenkapitalbevis er notert på Oslo Børs under ticker-koden «ISSG».

Følgjande personar utgjer Indre Sogn Sparebank si leiing:

Navn	Stilling
Egon M. Moen	Adm. banksjef
Karin Vikane	Ass. banksjef
Lars Grenager	Sjef personmarknad
Anita Lægreid	Sjef næringsmarknad

Styret i Indre Sogn Sparebank består av følgjande personar:

Tittel	Navn
Styreleiar	Morten Kristiansen
Nestleiar	Siv Enerstvedt
Styremedlem	Torgeir Strypet
Styremedlem	Jorunn Nilssen
Styremedlem	Anette Huun Jevnaker
Varamedlem	Håkon Seim Lysne
Varamedlem	Mona Nytun
Varamedlem	Ruth Laberg

Nøkkeltal Indre Soqn Sparebank

Nøkkeltal (tal i mill NOK)								
Konserntal		30.09.2018	30.09.2017	3q 2018	3q 2017	2017	2016	2015
Resultatregnskap (MNOK)								
Netto renteinntekter		46,5	44,7	15,8	15,5	60,2	57,42	52,43
Andre inntekter		27,4	32,4	6,3	7	39,8	29,71	27,15
Driftskostnader		49,4	49,6	14,8	15,6	66,3	66,83	57,07
Resultat før tap		24,5	27,5	7,3	6,9	33,7	20,3	22,51
Tap på utlån		4,1	3,68	2,83	0,05	3,89	1,13	0,919
Resultat før øvrige resultatposter		20,4	23,82	4,47	6,85	29,81	19,17	21,591
Balanse								
Brutto utlån		2.963,0	2.783,2			2.845,8	2.782,1	2.621,3
Brutto utlån inkl. EBK		4.079,0	3.924,4			3.987,5	3.853,4	3.604,5
Nedskrivninger		9.672,0	11,0			8,6	14,0	2.395,3
Innskott fra kundar		2.865,7	2.693,6			2.845,8	2.446,7	3.300,8
Forvaltningskapital		3.708,5	3.497,9			3.512,0	3.326,5	4.283,9
Forretningskapital		4.824,4	4.639,1			4.653,7	4.397,7	4.283,9
Eigenkapital		396,4	373,7			375,9	319,5	303,8
Nøkkeltal								
Innskotsdekning		97,47	97,23			95,43	94,44	92,02
Eigenkapitalavkastning		6,23	7,93			7,04	5,3	6,03
Kapitaldekningsprosent*		20,35	18,99			18,96	17,61	16,97
Kjernekapitalprosent*		17,61	16,61			16,63	15,89	15,72
Rein kjernekapital*		15,42	14,82			14,86	14,74	15,04
* Morbank								

Aurland Sparebank

Aurland Sparebank er ein sjølvstendig bank tilknytt Eika Alliansen.

Aurland Sparebank har kontor på Aurlandsvangen. Aurland Sparebank har pr. 30.10. ein råddveldekapi tal på 1,4 milliardar kroner. Pr. 31.10.18 hadde banken 8,24 årsverk.

Følgjande personar utgjer Aurland Sparebank si leiing:

Navn	Stilling
Gunnar Skahjem	Banksjef
Britt Julusmoen Bakk	Leiar kreditt PM /BM

Styret i Aurland Sparebank består av følgjande personar:

Tittel	Navn
Styreleiar	Arve Tokvam
Nestleiar	Anne Maria Langeland
Styremedlem	Lars Loven
Styremedlem	Marte Tørud Håland
Styremedlem	Therese Turlid
Varamedlem	Per Irgens Skjerdal
Varamedlem	Bente Marie Ohnstad
Varamedlem	Tone Waagbø Hille

Nøkkeltal Aurland Sparebank

Nøkkeltal (tal i mill NOK)								
Konserntal	30.09.2018	30.09.2017	3q 2018	3q 2017	2017	2016	2015	
Resultatrekneskap (MNOK)								
Netto renteinntekter	15,1	15,6	5,1	5,2	21,1	20,0	17,6	
Andre inntekter	11,1	10,2	5,3	2,1	11,9	11,2	9,3	
Driftskostnader	-13,3	-15,4	-4,6	-5,3	-22,8	-19,6	-24,9	
Resultat før tap	12,8	10,3	5,8	2,0	10,2	11,6	2,0	
Tap å utlån	-1,1	1,9	-1,0	2,0	0,4	-	-0,5	
Kursvinst/tap anleggsaksjar	0,2	-	0,2	-	-	-	14,6	
Resultat før øvrige resultatpostar	12,0	12,2	5,0	4,0	10,6	11,6	16,1	
Balanse								
Brutto Utlån	1.014,5	1.021,5			1.036,1	952,7	843,6	
Brutto utlån inkl. EBK	1.076,0	1.042,5			1.059,1	975,7	866,3	
Nedskrivningar	-5,1	-4,3			-5,3	-4,9	-6,1	
Innskott frå kundar	1.109,1	1.011,4			973,6	970,6	959,5	
Forvaltningskapital	1.419,8	1.292,9			1.243,2	1.220,2	1.131,8	
Forretningskapital	1.481,3	1.354,4			1.266,2	1.243,2	1.154,5	
Eigenkapital	158,1	152,6			148,0	143,0	134,0	
Nøkkeltal								
Innskotsdekning	109 %	99 %			94 %	102 %	114 %	
Eigenkapitalavkastning	7,5 %	8,0 %			7,1 %	8,1 %	12,0 %	
Kapitaldekningsprosent*	23,60 %	24,03 %			25,98 %	25,63 %	25,57 %	
Rein kjemekapital*	23,60 %	24,03 %			25,98 %	25,63 %	25,57 %	
*Morbank	23,60 %	24,03 %			25,98 %	25,63 %	25,57 %	

Vik Sparebank

Vik Sparebank er ein sjølvstendig bank tilknytt Eika Alliansen.

Vik Sparebank har kontor på Vikøyri. Vik Sparebank har pr. 30.10. ein rådveldkapital på 1,3 milliardar kroner. Pr. 31.10.18 hadde banken 11,14 årsverk.

Følgjande personar utgjer Vik Sparebank si leiing:

Navn	Stilling
Mads Arnfinn Indrehus	Banksjef
Britt Grov Helland	Sjef personmarknad og NK
Bjørn Moheim	Sjef Næringsmarknad

Styret i Vik Sparebank består av følgjande personar:

Tittel	Namn
Styreleiar	Olav Vikøren
Nestleiar	Werner Madsgård
Styremedlem	Kari Wiken Sunde
Styremedlem	Anne Espeland
Styremedlem	Leidulv Finden for tilsette

Nøkkeltal Vik Sparebank

Nøkkeltal (tal i mill NOK)								
Konserntal	30.09.2018	30.09.2017	3q 2018	3q 2017	2017	2016	2015	
Resultatrekneskap (MNOK)								
Netto renteinntekter	17,8	17,1	6,1	6,1	23,1	18,5	14,1	
Andre inntekter	9,2	11,3	2,2	2,8	13,8	14,2	9,6	
Driftskostnader	-15,6	-15,9	-5,1	-5,1	-22,5	-21,7	-20,0	
Resultat før tap	11,4	12,5	3,1	3,8	14,4	11,0	3,7	
Tap å utlån	-0,2	-0,4	-0,2	-	-1,1	-0,5	-1,2	
Kursvinst/tap anleggsaksjar	0,3	0,1	0,3	-	0,1	-1,4	-0,3	
Resultat før øvrige resultatpostar	11,6	12,2	3,3	3,8	13,4	9,2	2,2	
Balanse								
Brutto Utlån	1.118,5	1.082,8			1.054,6	989,3	877,9	
Brutto utlån inkl. EBK	1.178,1	1.142,5			1.114,7	1.064,5	981,4	
Nedskrivingar	-4,7	-4,3			-4,6	-3,9	-3,9	
Innskot frå kundar	1.133,4	1.118,1			1.105,0	1.056,7	1.015,0	
Forvaltningskapital	1.378,9	1.323,6			1.305,3	1.246,1	1.196,4	
Forretningskapital	1.438,5	1.383,3			1.365,4	1.321,4	1.299,8	
Eigenkapital	162,2	152,6			152,9	143,0	135,6	
Nøkkeltal								
Innskotsdekning	101 %	103 %			105 %	107 %	116 %	
Eigenkapitalavkastning	7,9 %	8,7 %			7,0 %	5,6 %	0,6 %	
Kapitaldekningsprosent*	21,61 %	20,29 %			22,50 %	20,29 %	20,23 %	
Rein kjemekapital*	21,61 %	20,29 %			22,50 %	20,29 %	20,23 %	
*Morbank	21,61 %	20,29 %			22,50 %	20,29 %	20,23 %	

Målsettinga med den nye banken

Målsettinga er å skapa ein solid og framtidsretta lokalbank i Sogn. Banken skal styrka lokalsamfunna, lokale bedrifter og lokale arbeidsplassar.

Sogn Sparebank vil ivareta og vidareutvikla dei tre bankane sin lokale posisjon, i tillegg til å ta ein større regional posisjon. Banken har ein ambisjon om å vera meir konkurransedyktig og tilby kundane betre løysingar, tenester og kompetanse samanlikna med kva den enkelte bank kan gjera i dag. Banken vil kunne driva meir kostnadseffektivt og samtidig ivareta den sterke lokale forankringa med nærleik til kundane.

Marknaden for banken vil innanfor bedriftsmarknaden i hovudsak vera små og mellomstore bedrifter i Sogn. Banken vil ha lokale kontor med inngåande kjennskap til lokale verksemdar og bransjar, og skal sikre kundane produktbreidde og kompetanse lokalt. Banken vil også ha evne til å handtera større engasjement samanlikna med kva den enkelte bank i dag har. Innanfor personmarknaden skal banken i utgangspunktet vera landsdekkande, men Sogn skal vera det prioriterte marknadsområdet.

Banken skal yta rådgjeving og tilby alle relevante produkt innan finans og forsikring. Produkta og rådgjevinga skal verta tilpassa kundane sine behov og banken si lønsemd.

Banken skal vera ein aktiv medeigar og deltakar i Eika Alliansen. Dette vil bidra positivt til kompetansebygging, økonomisk avkastning og eit sterkt fellesskap. Banken skal nytta seg av Eika Alliansen sine produkt, rådgjevingstøytøy og fellestenester for å oppnå økonomiske mål, kostnadseffektivitet og teknologisk paritet.

Banken skal utvikla ein felles kultur med sikte på å realisera en framtidsretta bank. Banken skal ha lokal styring med tydelig forretningsforståing og evne til utvikling. Forretningsmodellen og organiseringa skal verta bygd opp med utgangspunkt i kundane sine behov.

Ingen tilsette skal verta sagt opp i samband med fusjonen. Banken vil bli ein betydeleg lokal arbeidsgjevar og representera eit sterkt fagmiljø med attraktive arbeidsplassar, som gjev dei tilsette gode vilkår for fagleg og personleg utvikling. Målet er at motiverte og kompetente medarbeidarar, som kan bidra til å skapa konkurransekraft og lønsemd, interessante og trygge arbeidsplassar og nøgde kundar.

For at banken skal oppnå sine mål er lønsam drift på alle forretningsområde ein føresetnad. Banken skal vera på linje med eller betre enn samanliknbare bankar med omsyn til nøkkeltal og andre måltal. Dei økonomiske resultatane skal verta knytt til naudsynt eigenkapital, kapital til vekst og risiko, samt avkastning og gåver. Banken skal ha ein sunn vekst basert på tydeleg definerte krav til risiko og avkastning.

Avtalar med tilsette i samband med fusjonen

Det føreligg ingen avtalar i samband med fusjonen med særlege fordelar til leiande tilsette eller styremedlemmer i nokon av bankane, og det vert heller ikkje forventa å bli inngått slike avtalar.

Kontaktpersonar

Adm. banksjef Egon M. Moen, tlf: 900 82 415

Styreleiar Morten Kristiansen, tlf: 908 28 429

Aurland Sparebank:

Banksjef Gunnar Skahjem, tlf: 913 74 994

Styreleiar Arve Tokvam, tlf: 907 85 950

Vik Sparebank

Banksjef Mads Arnfinn Indrehus, tlf: 909 50 615

Styreleiar Olav Vikøren, tlf: 917 10 403

Denne opplysningen er informasjonspliktig etter Oslo Børs sine løpande forpliktingar [jf. verdipapirhandellova § 5-12]